



# MØTEPROTOKOLL

**Utval:** Ungdomsrådet  
**Møtestad:** kafè, TeleBygget ungdomshus  
**Dato:** 23.04.2007  
**Tid:** 16:00

Faste medlemer som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Julijana Batarilo	Leiar	ANNA
Isak Kongsvik	Medlem	ANNA
Victoria Leite Høydal	Medlem	ANNA
Linn Cathrin Brudevoll	Medlem	ANNA
Atle Remmereit Vassbotn	Medlem	ANNA
Marte Susann Sæten	Medlem	ANNA
Ole Martin Vik Dahle	Medlem	ANNA

Faste medlemmar som ikkje møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Kristoffer Birkeland Søvik	NESTL	ANNA
Rune Leira Fremmerlid	MEDL	ANNA
Janfrid Folkestad	MEDL	ANNA
Kathrine Eliassen	MEDL	ANNA
Lars Gunnar Helset	MEDL	ANNA
Adrian Vassbotn	MEDL	ANNA

Varamedlemer som møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Solveig Flø Hunnes	Kristoffer Birkeland Søvik	ANNA
Siri Bjørkedal Øvregård	Janfrid Folkestad	ANNA

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
May-Lisbet Lande	Sekretær

# SAKLISTE

<b>Saksnr.</b>	<b>Sak</b>	<b>Arkivkode</b>
	<b>SAKER TIL HANDSAMING</b>	
PS 10/07	<b>Godkjenning av innkalling og sakliste</b>	
PS 11/07	<b>Godkjenning av møteprotokoll frå siste møte</b>	
PS 12/07	<b>Budsjett for ungdomsrådet 2007</b>	C10

## **Ymse saker som kom opp på møtet:**

- På neste møte ynskjer ungdomsrådet informasjon om situasjonen i Barnevernet.
- Ungdomsrådet ynskjer også informasjon om økonomien til kommunen

24.10.07 skal det vere samling for ungdomsråda på Søre Sunnmøre i Ørsta. Volda ungdomsråd deltek med dei faste medlemene og sekretær.

Ungdomsrådet har fått tilsendt invitasjon frå Barne- og likestillingsdepartementet om "Årets barne- og ungdomskommune 2007 – invitasjon til nominering" Frist for dette er 15. juni. Saka vert sett opp for behandling på møte 21. mai.

Ungdomsrådet har fått ein invitasjon til å delta på møte ang. Sommarjobb for ungdom med funksjonshemming. Marte Susann Sæten og Julijana Batarilo deltek på møtet som er torsdag 10. mai k. 14.30 til 15.30. Sjå vedlegg

Marthe Susann Sæten deltek i lag med Ivar Andre Skare på Nettverksamling KRUS i Ålesund 5. juni.

SAKER TIL HANDSAMING

PS 10/07 Godkjenning av innkalling og sakliste

Handsaming: Godkjent

**Røysting:** Samrøystes

---

---

PS 11/07 Godkjenning av møteprotokoll frå siste møte

Handsaming: Godkjent

**Røysting:** Samrøystes

---

---

PS 12/07 Budsjett for ungdomsrådet 2007

**Administrasjonen si tilråding:**

*Ungdomsrådet disponerer kr. 35.000,- for budsjettåret 2007. Av beløpet vert kr. 25.000,- løyvd til "Ungdomsmidlane i Volda". Kr. 10.000,- vert sett av til å dekke utgifter til seminar.*

**Røysting:**

Samrøystes vedteke

**Tilråding/ Vedtak i Ungdomsrådet - 19.03.2007**

Saka vart utsett til neste møte

**Handsaming:**

Vedtak som framlagt i saksframlegg vart godkjent med små endringar. Nytt vedtak vart diskutert i høve sak 0013/06 og samrøystes vedteke. Forslaget vart fremja av Julijana Batarilo.

**Røysting:**

Samrøystes

**Vedtak i Ungdomsrådet - 23.04.2007**

*Ungdomsrådet disponerer kr. 35.000 for budsjettåret 2007. Av beløpet vert kr. 25.000 løyvd til "Ungdomsmidlane i Volda", beløpet skal også dekke marknadsføring. Kr. 10.000 vert sett av til å dekke utgifter til seminar og andre påkomande kostnader.*

**Nytt punkt:**

*I sak 0013/06 vedtok ungdomsrådet å overføre kr. 16.300 av 2006 budsjettet til prosjektet "Ung i Volda 2007". Signala ungdomsrådet fekk i samtale med administrasjonen i forkant av vedtaket, var positive til at midlane var tilgjengeleg i 2007.*

*Det vart også løyvd kr. 4400,- etter kle innsamling aksjon til Fretex i desember. Dette beløpet vart samla inn ved at dei som leverte kle betalte ei avgift på kr. 50 pr sekk.*

*Representantar frå ungdomsrådet har vore i samtale med adm. sjef Jarle B. Krumsvik.*

*Ungdomsrådet får ikkje endeleg svar frå administrasjonen på om dei får disponere desse midlane før budsjettet til Volda kommune er ferdig behandla i slutten av juni.*

*Dersom ungdomsrådet får disponere beløpet som samanlagt vert kr. 20.700,- skal dette settast av som fond i venta på etablering av skatepark i Volda.*

Møte slutt kl. 18:30

Rett utskrift

Volda kommune 26.04.07

May-Lisbet Lande

Sekretær